



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Årsmelding 2017



Kyrkjebø sokneråd er samansett slik:

Leiar: Audun Digranes  
Nestleiar: Irene Aase Aarseth  
Sekretær: Sturla Bell Fossen  
Medlem: Leif Arne Fureli  
Medlem: Erlend André Høyvik Haugsbø  
Medlem: Jarle Berge  
Sokneprest: Runar Matsui-Li  
1.vara: Lisbeth Høyvik Haugsbø  
2.vara: Borgny Birkeland  
3.vara: Anne Lise Ljotebø  
4.vara: Stine Iren Røyseth

Medlemar i Høyanger kyrkjelege fellesråd :

Audun Digranes personleg vara: Erlend André Høyvik Haugsbø  
Irene Aase Aarseth personleg vara: Jarle Berge

Medlem i diakonistyret: Gunvor Hommedal Vara: Stine Iren Røyseth

Kontaktperson til Kirkens Nødhjelp: sokneprest Runar Matsui-Li

Erlend André Høyvik Haugsbø har hatt fritak i 2017.

Stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus:

Leiar: Finn Trædal vara: Stig Roar Engen(soknet)  
Nestleiar: Nora Høyvik vara: Gunvor Hommedal (KFlaget)  
Medlem: Irene Aase Aarseth vara: Magne Sagerøy (soknet)  
Medlem: Ruth Kvist vara: Sverre Elveseter (Kr.org.)  
Medlem: Lisbeth Haugsbø vara: Anne Lise Ljotebø (soknet)

### PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest: Runar Matsui-Li  
Prost: Reidar Knapstad  
Kantor: Gerda Otterstein og Tony Rozendaal  
Trusopplæringsped. Toril Lange  
Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein  
Sekretær: Karin Grodaas  
Kyrkjetenar: Kyrkjebø og Vadheim: Irene Aase Aarseth  
Klokkar: Kyrkjebø og Vadheim: Irene Aase Aarseth

Tony Rozendaal slutta i september etter 25 år i kommunen.

## MØTEVERKSEMD.

|                           | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Tal soknerådsmøte:        | 10   | 7    | 6    | 7    | 6    | 7    |
| Tal saker behandla:       | 35   | 28   | 29   | 35   | 29   | 32   |
| Tal frammøtte på årsmøte: | 15   | 14   | 14   | 12   | 11   | 11   |
| Tal soknemøte:            | 1    | 1    | 1    | 1    | 1    | 1    |

## GUDSTENESTER/KYRKJELEGE HANDLINGAR.

|                                     | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|-------------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Tal gudstenester                    | 36   | 33   | 32   | 34   | 38   | 29   |
| Totalt frammøte                     | 1866 | 2826 | 2006 | 2892 | 3007 | 2203 |
| Frammøte gjennomsnitt               | 52   | 85,6 | 62,7 | 85,1 | 79,1 | 76   |
| Gudstenester med nattverd           | 13   | 16   | 16   | 19   | 24   | 15   |
| Totalt frammøte                     | 173  | 174  | 176  | 232  | 249  | 130  |
| Dåp                                 | 9    | 7    | 9    | 10   | 7    | 4    |
| Konfirmantar                        | 17   | 21   | 16   | 14   | 14   | 4    |
| Vigslar                             | 1    | 0    | 0    | 3    | 3    | 0    |
| Gravferder                          | 6    | 15   | 16   | 10   | 10   | 11   |
| Skulegudsteneste/førjulsgudsteneste | 2    | 1    | 0    | 0    | 0    | 0    |
| Andakter på Kyrkjebø sjukeheim      | 20   | 12   | 11   | 13   | 12   | 13   |
| Konsertar, musikkandaktar           |      |      | 1    | 0    | 0    | 0    |
| Konsertar, musikkandaktar, frammøte |      |      | 22   | 0    | 0    | 0    |
| Konsertar i regi av andre           |      |      | 2    | 1    | 3    | 2    |
| Konsertar i regi av andre, frammøte |      |      | 202  | 180  | 327  | 231  |
| Andre kulturarrangement             |      |      |      |      | 1    | 1    |
| Andre kulturarrangement, frammøte   |      |      |      |      | 29   | 61   |

### Konfirmasjon:

Kyrkjebø 21. mai 2017 der 2 vart konfirmerte

Vadheim 30. april 2016 der 2 vart konfirmerte.

Ved konfirmasjon har soknerådet valt å gje kvar konfirmant eit smykke i oliventre laga som ein kross.

### Dåp:

Det har vore 4 barnedåpar i 2017, alle med bustadadresse i soknet. Ved dåpen vert det gjeve eit lys og dåpsklut.

### Gravferder:

Det har vore til saman 11 gravferder på Kyrkjebø og i Vadheim.

På begge stader har soknerådet vore med å dele ut blomar til dei etterlatne som bur nær.

### Friluftsgudstenester:

I Måren 5. mai var det 23 som deltok.

På Vadheimstølen 20. august var det 32 som deltok.

### Samarbeid med skule og barnehage:

Avgangsbarna i barnehagane i Vadheim og på Kyrkjebø har vore på besøk i Høyanger kyrkje. 6. klasse på skulen på Kyrkjebø har hatt besøk av presten.

## ØKONOMI

Økonomien til soknerådet er avhengig av offergavene som går til eige arbeid.

Driftsresultatet for 2017 viser eit overskot på kr. 588-. Overskotet vert avsett til ubunde fond. 31.12.17 er ubunde fond på kr. 38236,75.

|                        | 2013  | 2014  | 2015  | 2016  | 2017  |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Takkoffer til andre    | 25989 | 22345 | 15073 | 30082 | 12046 |
| Takkoffer, eige arbeid | 12248 | 9906  | 14963 | 10635 | 11821 |
| Fasteaksjonen          | 14586 | 11233 | 15066 | 11110 | 12448 |

## **BARNE- OG UNGDOMSARBEID**

### **Trusopplæringstiltak 2017:**

Ein 3-åring frå Kyrkjebø var med på myldresamling i Høyanger.

11.-12.mars: Tårnagenthelg, Vadheim

Søndag 10. sept 11.00. Kyrkjebø, konfirmantpresentasjon

Tysdag 12. sept. 17.15-18.30: Kidssamling i Vadheim.

8 born frå 4 år til og med 3. og 4. klasse

Søndag 17.sept: 11.00 – Hausttakkefest, Vadheim, utdeling av Mi kyrkjebok 4

og 6, og andre bøker. Det var bibelutdeling til 5. klasse

Konfirmantpresentasjon

Torsdag 19. okt: 4 og 6 årssamling Kyrkjebø

Søndag 22. okt: kl 11.00: hausttakkefest Kyrkjebø . Utdeling av Mi kyrkjebok 4

og 6, og bibelutdeling til 5. klasse.

Minikonfirmantar: 5 jenter på Kyrkjebø har vore med på fire samlingar og skal få diplom.

### **Vaksne medhjelparar over 15 år:**

Irene Aase Aarseth, Gunhild K. Bekkelien, Gunvor Hommedal, Audun Digranes, Anne Irene Ølmheim, Borgny Birkeland, Stine Iren Røyseth. Katrine Fureli.har også vore ein god medhjelpar i barnearbeidet.

KUL-koret, Finn Trædal, Keiko Matsui-Li, Shixian Ji , Hanna Matsui-Li, Agnar Hegg, Knut Henning Litzheim var med på gudstenester der kantor ikkje kunne vere til stades. Finn Trædal spelte også på gudstenesta i Måren, og Leif Arne Fureli på friluftsgudstenesta på Vadheimstølen. Keiko Matsui-Li har vore med fleire gonger og spelt til liturgien.

### **Fasteaksjonen:**

Konfirmantane i Vadheim og på Kyrkjebø deltok i innsamlinga. Sidan det var berre 4 konfirmantar i soknet, fekk dei hjelp av konfirmantar frå Høyanger. Til saman fekk dei inn kr.12448,-.eit godt resultat. Takk til konfirmantane og gjevarane.

### **DUGNAD:**

Det vart halde dugnad på gravplassane 25.04.17. På Kyrkjebø deltok 5 personar, men det var nokon som hadde vore der og gjort dugnad før. Ein spesiell takk til Ivar Klævold som ser etter rosene med klipping og reinsking av bed, og Ivar Haugsbø som ordna og vaska kyrkjetrappa..

I Vadheim var det 6 stykke på dugnad.. Begge stadane var det god innsats. Det er framleis ein god del å gjere på begge stadane. Det er større arbeid og treng meir organisert dugnad, ev. leigd hjelp der fellesrådet må bidra.

Vadheim bedehus er eigd av bygda og fellesrådet har leigeavtale med styret.

### **YMSE:**

Det har vore utette vindauge i vestgavlen på kyrkja. Dei er no skifta.

Arbeidet med det nye orgelet skulle ha starta i 2017, men har vorte noko forseinka. Arbeidet kjem i gang rett over nyttår. Orgelet skal vere ferdig i løpet av 2018.

Det er kjøpt grunn til utviding av parkeringsplassen ved kyrkja. Arbeidet skal utførast i løpet av 2018.

I 2019 er det 150 år sidan kyrkja på Kyrkjebø vart bygd. Det må markerast. Det er valt ein nemnd som står for planlegginga. Medlemene i nemnd er Helga Hjetland, Finn Trædal,, Geir Ivar Ramsli og Irene Aase Aarseth.

### **AVSLUTNING.**

Årsstatistikken viser at frammøtet på gudstenestene held seg nokolunde stabilt. Av ulike grunnar har det vore nokre færre gudstenester dette året. Sjølv om tal gudstenester skulle gå ned, betyr ikkje det at aktiviteten i kyrkja må gå ned. Det utfordrar soknerådet og andre medlemmer i kyrkja å finne nye måtar å samlast på. Soknerådet håpar at det kan vere mogleg å få til.

**Takk til alle dykk som har vore med på å støtte kyrkja sitt arbeid. Takk til alle som har gjort ein innsats for at Vadheim og Kyrkjebø skal vere gode miljø å bu i.**

Kyrkjebø, 30.01.2018

Kyrkjebø sokneråd

Audun Digranes  
leiar